

Tokke kommune  
Tommy Vadder Hansen

Dykkar ref.

Vår ref.  
20/177-4/LLH

Dato  
02.03.2021

## Tokke kommune – adressenamna Hagahauarne, Hallbjønnlii mfl. – tilråding

Nr.	Namneforslag	Merknader frå Språkrådet
1	Hagahauarne	I brevet frå kommunen er namnet skrive <i>Hagahauarne</i> , men på kartet det er lenka til, er skrivemåten <i>Hagahaugarne</i> . <i>Hagahaugane</i> er tilrådd skrivemåte for naturnamnet i Sentralt stadnamnregister (SSR), og heradsregisteret har registrert uttalen /-hougannø/ i to tilsvarande namn. Vi tilrår difor skrivemåten <b>Hagahaugane</b> .
2	Hallbjønnlii	Heradsregisteret har registrert uttale med binde-s /ha`llbjönns-/ i eit tilsvarande namn, men samansetjingar med <i>Hallbjønn</i> -i SSR er utan binde-s. Den foreslåtte skrivemåten må difor vere grei.
3	Grønhovdvegen	Ingen merknader. Vegen går ved Grønhovdnuten. <i>Grønhovdnuten</i> er tilrådd skrivemåte i SSR, og heradsregisteret (1955) har registrert uttalen /grø:`nhovdnu:tøn/.
4	Fyråstøyl	Ingen merknader. <i>Fyråstøyl</i> er einaste godkjente skrivemåte for fritidsbustadnamnet i SSR, og heradsregisteret (1955) har registrert uttalen /fy:`rå:stöil/.
5	Fyrå	Namnet har vore innom oss for tilråding tidlegare, og vi skreiv da dette (tilråding datert 04.03.2020): «Vi tilrår skrivemåten <b>Fyråi</b> i samsvar med tilrådd skrivemåte i SSR og uttalen /fy:`rå:i/ i heradsregisteret (1955)». Kommunen grunngir ønsket om <i>Fyrå</i> med at «Fyrå er det lokale namnet på området som ynskjust adressert» og «Skafså er eit døme på eit stadnamn i nærleiken som ikkje har «i» i endinga».  Nedervd uttale tilseier utvilsamt <i>Fyråi</i> , jf. <i>Monsåi</i> og <i>Tverråi</i> i same området. <i>Skafså</i> har har fått ubunden form etter skrifttradisjon som soknenamn. Vi står difor ved vår tidlegare tilråding om skrivemåten <b>Fyråi</b> .

6	Kilerovavegen	<p>Namnet har vore innom oss for tilråding tidlegare, og vi skreiv da dette (tilråding datert 04.03.2020): «<i>Kilerova</i> er einaste godkjente skrivemåte i SSR for naturnamna som utgjør forleddet her, men når eit namn i bunden form inngår som forledd i eit anna namn, fell som regel den bestemte endinga bort. Vi ville difor vente skrivemåten <b>Kilerovevegen</b> for dette namnet. Heradsregisteret (1955) har registrert uttalen /Ki:ˈləro:va/». Kommunen grunn gir ønsket om skrivemåten <i>Kilerovavegen</i> med at «Kilerova er namnet på plassen der vegen startar og eit godt etablert namn for vegen».</p> <p>Forma <i>Kilerovavegen</i> er rimelegvis i bruk sidan dette er foreslått, men forma bryt med systemet i målføret, og i ei bygd med sterk målføretradisjon skulle ein vente namnelaging i samsvar med det tradisjonelle systemet, altså med bortfall av den bundne artikkelen og inn med bindevokalen -e, t.d. <i>Napetjønn</i> av <i>Napan</i> (ikkje *<i>Napantjønn</i>). Dersom det likevel er slik at <i>Kilerovavegen</i> er den einaste brukelege skrivemåten, set vi oss ikkje imot den. Dersom <i>Kilerova</i> dekkjer det mest av dette adresseringsområdet, kunne namnet nyttast utan tillegg av -vegen.</p>
7	Tveitenvegen	<p>Namnet har vore innom oss for tilråding tidlegare, og vi skreiv da dette (tilråding datert 04.03.2020): «<i>Tveiten</i> er einaste godkjente skrivemåte i SSR for gardsnamnet som utgjør forleddet her, men når eit namn i bunden form inngår som forledd i eit anna namn, fell som regel den bestemte endinga bort. Vi ville difor vente skrivemåten <b>Tveitevegen</b> for dette namnet, jf. at <i>Tveitegrend</i> er vedtatt som adressenamn ein annan plass i kommunen. Heradsregisteret har registrert uttalen /tveiˈte-/ i samansetjingar med namnet <i>Tveiten</i>». Kommunen grunn gir ønsket om <i>Tveitenvegen</i> med at «Garden i enden av vegen heiter Tveiten» og «Tveitenvegen er eit godt beskrivande namn på området og vegen».</p> <p>Kommunen ønsker <i>Tveitenvegen</i> fordi garden i enden av vegen heiter <i>Tveiten</i>, men dette er òg tilfelle ved adressenamnet <i>Tveitegrend</i>, som kommunen har vedtatt. Vi ser difor ingen grunn til at namnelaginga skulle bli annleis her. Eit anna argument for <i>Tveitevegen</i> er at SSR har registrert naturnamnet <i>Tveitebrotet</i> på andre sida av dalen for Tveiten. Vi står difor ved vår førre tilråding.</p>

Vi minner kommunen om at alle adressenamnvedtak skal sendast til Kartverket ([post@kartverket.no](mailto:post@kartverket.no)) og Språkrådet ([post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)), jf. § 9 i forskrifta til stadnamnlova. Registrering av namna i Sentralt stadnamnregister SSR skjer nå automatisk ved innlegging i matrikkelen (<https://www.kartverket.no/Om-Kartverket/Nyheter/integrasjon-matrikkel-ssr/>), men melding om vedtaka skal likevel sendast Kartverket og Språkrådet.

Vennleg helsing

Botolv Helleland  
namnekonsulent

Daniel Gusfre Ims  
seksjonssjef

Line Lysaker Heinesen  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*

**Mottakarar:**

Tokke kommune

**Kopi til:**

Kartverket